



Det Kgl. Kunnskapsdepartement  
Postboks 8119 Dep.  
0032 Oslo

Vår ref  
2006/350/47/A00

Deres ref:  
200903230

Saksbehandlar  
Kari Hølmo Holen  
61 70 07 33

Dato  
05.01.2011

## Høyringsuttale - nye kompetansekrav for tilsetjing og undervisning

Kommunane i Nord-Gudbrandsdal – Dovre, Lesja, Lom, Sel, Skjåk og Vågå - har drøfta forslaget administrativt mellom skuleansvarlege, og sender felles høyringsuttale. Oppland er delt i regionar, og Sel kommune representerer regionen i KS-samarbeidet i 2010-2011. På vegne av KS vart Sel kommune invitert til høyringsmøte om saka i Kunnskapsdepartementet den 20.12.10.

Oversikt over skulane i regionen:

Dovre: Dombås skole 1-7, Dovre skule 1-7, Dovre ungdomsskole 8-10.

Lesja: Lesja skule 1-10 og Lesjaskog skule 1-10.

Lom: Garmo oppvekssenter 1-7, Loar skule 1-7 og Lom ungdomsskule 8-10.

Sel: Sel skule: 1-7, Otta skole: 1-7, Heidal skule: 1-10, Otta ungdomsskole: 8-10

Skjåk: Marlo skule 1-7, Nordberg skule 1-7 og Skjåk ungdomsskule 8-10.

Vågå: Tessand oppvekstsenter 1-4, Sjårdalen oppvekstsenter 1-4, Lalm skule 1-7, Vågåmo skule 1-7 og Vågå ungdomsskole 8-10.

På grunnlag av dette møtet og høyringsforslaget som er sendt ut, gir vi følgjande uttale:

Vi stiller seg positive til kompetansekrav ved tilsetjing. Det er ingen tvil om at god kompetanse i eit fag er med på å styrke læringsa til elevane.

### 1. Kva for konsekvensar vil foreslårte endringar få for våre kommunar:

- Endringa vil by på store utfordringar for små kommunar, med små skular og store avstandar.
- Om ein treng 40% norsklærarar, 30% samfunnsfaglærarar og 30% matematikk-lærarar på ein liten ungdomsskule, så vil det vere ein utfordring å finne ein som har alle desse faga.
- Det vil bli vanskeleg å rekruttere folk til slike stillingar.
- Det kan føre til mange deltidsstillingar.
- Moglegheita til å kombinere stillingar med andre skular i kommunen er minimale, sidan det er lange avstandar.

## **2. I kva grad vil det vere vanskeleg å få rekruttert tilstrekkeleg undervisningspersonale som oppfyller dei nye krava:**

- Når det gjeld kompetansekrava til undervisning, så seier det seg sjølv på ungdomsskulen. Vi kan ikkje setje ein lærar som ikkje har kompetanse i eit fag til å undervise i det. Kravet treng ikkje nødvendigvis vere 60 st.p.
- Det ligg ei svakheit i den nye lærarutdanninga når vi mistar allmennlæraren til fordel for den spesialiserte.
- Det same gjeld til ein viss grad på småskulen kor pedagogen er viktigare enn faglæraren.
- Rektor vil miste handlingsrommet.
- Det set krav til stor fleksibilitet å få lagt ein god timeplan.
- Vi meiner difor at kompetansekrav til undervisning kan vere hemmande om kravet kjem i alle fag, på alle steg. Kompetansekrava til undervisning bør ligge på basisfaga i barneskulen og ikkje i alle fag.

## **3. Korleis vurderer vi dei foreslåtte unntaksordningane:**

- **Midlertidig tilsetting:** Det vil vere svært vanskeleg for små kommunar å skaffe lærarar i midlertidige stillingar om det ligg kompetansekrav også her. Det vil som nemnt over bli eit problem å rekruttere folk i faste stillingar. Unntak må vere mogleg.
- **Skular med ungdomstrinn som har færre enn 60 elever og færre enn 5 lærarårsverk (fjerde ledd i § 10-1):** Det bør vurderast å auke antal elevar og årsverk. Særleg om krav til kompetanse kjem i alle fag. Det er mange fag som skal dekkjast, og for små skular vil det vere umogleg å fylle alle faga og likevel gje tilfredsstillande storleikar på stillingane.
- **Unntak ved mangel på lærarar med undervisningskompetanse (femte ledd i § 10-1):** Unntaka vil kome som eit resultat av at det ikkje finst nokon annan moglegheit, akkurat slik det er i dag. Slik situasjonen er i dag, så er rekruttering og tilgang på utdanna lærarar særstegnende, sjølv med dagens allmennlærarar. Dette gjeld spesielt små kommunar. Difor kan vi sjå for oss at det blir lågare terskel for unntak når kompetansekrava kjem. Da blir det færre lærarar som oppfyller dei behova ein skule har.
- **Tilsetting på vilkår:** Dette vil kunne vere til hjelp for å rekruttere lærarar til små skular.

### **Andre problemstillingar:**

Økonomiske og administrative kostnader – det kan bli enda større kamp om lærarane. Dei fleste tilsette ønskjer mest mogleg heile stillingar, og det kan bli vanskeleg å rekruttere lærarar til mindre skular. I neste omgang kan dette føre til at det blir ulike tilbod i landet.

Med helsing

Kari Hølmo Holen  
kommunalsjef

Kopi til: Dovre, Lesja, Lom, Skjåk og Vågå kommunar v/skuleansvarlege